



# HARDANGER MILJØSENTER

Vi utfører miljømålinger, kjemiske og mikrobiologiske analyser, i tillegg til Konsulenttenester for industri, offentlig verksemd og private kundar over heile Noreg. Analysetenester vert utført ved vårt akkrediterte laboratorium i Odda. Akkrediterte miljømålinger vert gjennomført ute hos kundane.

Hardanger Miljøsenster AS vart starta i 1990, etter initiativ fra Odda kommune, under namnet KOM-senteret (Kompetanse Odda Miljø).

Målet var å skape arbeidsplassar i Odda/ Indre Hardanger relatert til miljøanalyser og kompetansenestener innan miljøområdet.

Engelskmannen Alex Stewart, som eig eit stort internasjonalt nett av laboratorier/ surveytjenester, gjekk i 1994 inn som med-

eigar (40%). særleg ut frå hans interesse innan survey-mærknaden (kontroll av handelsvarer).

I 2020 var Alex Stewart International (ASI) sin eigarandel i firmaet 61 %, medan den resterande delen av firmaet er eigd av fleire tilsette/styremedlemmar i selskapet.


Bedrift flytta i 2016 inn i nye kontor og laboratorie-lokaler på Eittrheim i Odda. I 2019 var det 12 tilsettete og det vart utført 12 årsverk.

Grunna plasseringa i nærleiken til industribedriftene i Odda, har tenester knytt til industribedrifter vore en viktig del av omsetninga for bedrifta. Dette gjeld både analysetenester og prøvetaking.

Hardanger Miljøsenster AS ynskjer å være en totalleverandør (konsulenttenester, prøvetaking og analyser) av miljøtenester for industribedrifter.

Som ein fylgje av samanslåing mellom Hardanger Miljøsenster og det lokale næringsmiddellaboratoriet i 2001 så utfører bedrifta og analyse av drikkevatt.

Hardanger Miljøsenster har lenge vore deleigar i mat og miljølaboratoriet SLab AS, som held til på Stord. I november 2020 vart dei andre aksjonærane kjøpt ut og SLab vart heileigd av Hardanger Miljøsenster.



Vil du bli betre kjent med våre tenester og kva vi kan tilby, ta turen inn på: <https://hm-as.no>



## SLab EIT KVALITETS-LABORATORIUM FOR VATN, MILJØ, AKVAKULTUR OG NÆRINGSMIDDEL

SLab AS har røter heilt attende til 1980, og var i utgangspunktet Næringsmiddeltilsynet sitt laboratorium på Stord. Då det kom krav om at slike laboratorier skulle være uavhengige, førte det til at SLab AS vart oppretta 01.01.2004. Bedrifta held i dag til i nyoppført laboratorie i andre etasje i Meatjønnsvegen 32 på Heiane.

SLab er akkreditert for analyser innan mikrobiologi og kjemi, etter ISO-Standard 17025:2017.

Vi har hovudsakelig arbeidsoppgåver som er knytt til vatn, akvakultur, næringsmiddel og industri. Men med hjelp og godt samarbeid med andre laboratorier i Norge kan vi tilby det meste av analyser, seier Malin Brady som er laboratorieingeniør.

Vi er loyale mot lokale kundar og føl dei opp betre enn du kan rekna med frå dei store laboratorier i sentrale delar av landet. Vi bryr oss om kundane våre og har personleg og nær kontakt med kundane våre, gjennom personleg sakshandsaming.

Vi vil at kundane våre skal lukkast, difor sikrar vi produktet ditt gjennom våre analyser. Når vi har sjekka innhaldet i produktet ditt kan vi avgjera haldningsdato og du er sikker på at produktet ditt er bra.

Du kan føla deg trygg. Noko som er viktig for heile samfunnet Trygt miljø – trygg mat – trygt vatn – trygt samfunn. Dette er heilt grunnleggjande for eit godt liv, og eit mantra for oss, seier dagleg leiar, dr. Justa Sirvaityte.

### Vår visjon

Er at det ikkje er nudsynt å være det største laboratoriet i landet, men å ha dei mest nøgde kundane. Vi ynskjer å ha nær kontakt med kundane slik at vi kan fylgja opp på best mogleg måte – vi vil at våre kundar skal lukkast med sine mål.

Vi har bygd selskapet opp slik at vi dekker den trongen for analyse som finnes i lokalmiljøet rundt oss. Sunnhordland er eit av dei viktigaste akvakulturområda i landet, og det er difor naturleg at vi har bygd opp ein ekspertise rundt dette fagområdet.

- Kvalitet
- Integritet
- Kompetanse
- Vi er til for deg og dine kunder
- Vi ser etter forbedringspotensiale

Det tette samarbeidet mellom SLab og Hardanger Miljøsenster har pågått i 10 år... I dag har HMS investert i SLab for å styrke selskapsposisjonen i regionen, og som en konsekvens sørge for at de beste tjenestene leveres til bedrifter og samfunnet i regionen.